



Gunvald Friheim får prisen av ordfører Synnøve Solbakken og kultursjef Kristian Bringedal

Uskedelingen Gunvald Friheim (75), busett i Rosendal i 42 år, har truleg bak seg den største frivillige innsats som nokon kvinnhering har prestert. Innsatsen har omfatta 3 lag i Uskedalen og 16 lag og arrangement i Rosendal og i dag fekk han svært fortent Frivilligprisen for 2012 under eit høgtideleg arrangement i Sagstovo som typisk nok også er å finna på Gunvald si lange liste. Han har framom alt vore ein tilretteleggjar og når uskedalen.no spør kva han eigentleg er, svarar han: Ingenting! Ikkje desto mindre har han også vore i dagleg og vanleg arbeid sidan konfirmasjonen.

Mellom fleire vilkår som Gunvald sette for arrangementet i Sagstovo var at det skulle vera enkelt og fullførast før klokka 19 fordi han då skulle på seminar i musikklaget. Det er Frivilligsentralen som har ansvaret for denne prisen, som har vorte utdelt sidan 2006 etter forslag og som også kan gjevast til grupper og lag. Det er styret i sentralen som på heilt sjølvstendig grunnlag bestemmer kven som skal få han.

- Eldsjelar er gull verd for lokalsamfunnet og du er ein skikkeleg eldsjel, sa ordfører Synnøve Solbakken ved overrekkinga av diplom og kunstverket 'Full blomst' laga av uskedelingen Sigrd Øyrehagen. Utan Gunvald og andre slike hadde ikkje samfunnet vore det same, slo ho fast og hylla særleg Gunvald som tilretteleggjar. - Du stiller alltid opp og seier aldri nei og du kan alt. Du sørger for at andre får ei god oppleving, sa ordføraren som hadde registrert berre vellæte om prisvinnaren.

Eit spørsmål som går att og som gjorde det også under prisutdelinga var dette: Korleis skulle vi klart oss utan Gunvald?

Ein av dei som gratulerte med prisen var Bjørgulv Eik frå Uskedalen som omtala innsatsen hans i idrettslaget, ungdomslaget og musikklaget også før han flytta til Rosendal. Mellom anna var han aktiv i leik og teater. Men sjølv om han flytta, har Uskedalen hatt god nytte av han sidan.

Det var også helsingstalar av Anne Sigrid Totland, Inger Berg Eik, Mette Friheim og Karl Eivind Kristiansen. Kultursjef Kristian Bringedal leia arrangementet som også var prega av song og spel.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen